

# Årsmelding OIL- skigruppa 2019

Skigruppa er ein liten, men aktiv gjeng😊

Dei er ca. 10 svært aktive løparar som konkurrerer på kretsnivå. Nokre av desse konkurrerer også utanfor kretsen og i nasjonale konkurransar.

Med gode resultat, eige OIL-smøretelt og flotte lagsdressar, så blir vi lagt merke til rundt omkring på skirenn og får kommentarar på dette. Dette er positivt og motiverande for løparane.

På lokale renn i Kvinnherad skikarusellen, så kan vi på ein god dag vera opp i mot 20 løparar ,men gruppa med tidligare aktive og foreldre til aktive løparar er nok dei det er flest av i skiløypene i Fjellhaugen, samla sett med hjelpe team ,mosjonistar og aktive vil eg tru at rundt 60-70 personar frå OIL på eit eller anna vis er knytta til ski miljøet

OIL arrangerte 2 av skikarusellrenna i 2019. Der bidrog 6-8 vaksne medlemmar i gjennomføringa.

Vi har mellom anna delteke på Torefjellsrennet, Haukelirennet, Geilo skifestival og Holmenkollrennet.

Vi har også i 2019 hatt eit godt samarbeid med Rosendal turnlag(RTL) om treningar både på barmark og snø. Dette gode samarbeidet fortset vi med inn i 2020 . Vi har felles trening tysdagar og torsdagar. På treningar på snø, så arrangerte vi i tillegg til ordinære skitreningar for dei aktive løparane, skileik for dei minste saman med RTL og Uskedalen IL kvar tysdag i Fjellhaugen.

I sommar hadde vi 5 løparar som deltok på sommarskicamp i Jondal i 4 dagar i regi av Hordaland skikrets. Her fekk dei i år trene saman med Roar Hjelmeset, både på ski og barmark. Dette er ei av fleire viktige samlingar for løparane i 2019, der dei får vere ein del av eit større ski-miljø. Dette betyr mykje for motivasjon og ikkje minst utvikling for dei som er aktive på kretsnivå.

I haust var 3 av løparane også med på rulleskicamp for kretsen i regi av Stord IL. Dette var ei helgasamling der dei i tillegg til trening, treningstips og rulleskikonkurranse, også her får sosialt påfyll i eit større ski-miljø.

Denne hausten deltek Marcus Enes Seberg på rekruttsamlingar både på Hovden skigymnas og Geilo skigymnas. I tillegg så er Marcus valt ut til å bli følgt opp av Olympiatoppen/ Hordaland skikrets. Detter basert på resultat (kretscupen) i sesongen 2018/2019.

Skigruppa deltok på OIL sin aktivitetsdag i sommar, der små og store fekk prøva rulleski

Vi er no i gang med ny skisesong og vi skal arrangere det første karusellrennet den 19. januar. Dei største utfordringane for skigruppa er rekruttering og eit opplegg for dei som vil prøva ut denne idretten. Vi har eit stort behov for nye ildsjeler/foreldre med born i denne gruppa. Det er viktig for å oppretthalde skiaktiviteten i OIL!

Vi opplever veldig god støtte frå styret og dette er utslagsgjenvende og avgjerande for aktiviteten som vi kan uttøve. For å oppretthalde aktiviteten for løparane våre, så vil vi i 2020

også vere avhengig av at OIL bidreg med økonomisk støtte til deler av aktivitetane for løparane.

Dette er vi veldig takksame for.

Mvh Tommy

## SUMARCAMP I JONDAL





## RULLESKISAMLING PÅ STORD



## SKIRENN 2018/2019



FJELLHAUGEN SKISENTER – sesongen 2018/2019 bar ikke preg av mykje snø, men nok snø til at løparane fekk trent seg opp til flotte resultat og til at vi fekk gjennomføre skikarusellen i Kvinnherad. Vi er gode på å nytte oss av snøen når vi har den ☺

